

SAK 23/13 YRKESMESSA 2013, TILSKOT

Saksopplysing

Hallingdal har arrangerte yrkesmesse sidan 2000, stort sett annan kvart år. Siste yrkesmesse var i januar 2012 (vedlegg 1). Yrkesmesse er ynskjeleg å ha på hausten og er planlagt i nov. 2013.

For Hallingdal er eit av måla med yrkesmesse å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmesse er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om og skal vera med å gje ei samla oversikt over utdannings-, fagopplærings- og yrkestilbod i Hallingdal. Messa skal hjelpe til med å informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer. Yrkesmesse skal vere næringslivet/bedrifter/skulær sin presentasjon av sine yrker og utdanningar. ”Bransjane” inviterast til å vise sitt mangfald, og i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og enkeltbedrifter kan dei og vise utdanningsveg gjennom utdanning og lærlingordningar.

I forhold til Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016 er tiltaket i tråd med bulyst/blilyst og rekruttering. Yrkesmesse går over to dagar med ca. 500 elevar kvar dag.

Budsjett yrkesmesse

Kostnad

• Prosjektleiar, eigeninnsats	kr. 70.000
• Transport	kr. 60.000
• Informasjon, marknadsføring	kr. 5.000
• Leige av lokalar, inkl. mat	kr. 230.000
• Leige av utstyr, deleveggar	kr. 60.000
• Div.	kr. 10.000
• Eigeninnsats bedrifter (stipulert)	kr. 3.000.000
• Eigeninnsats Regionrådet	kr. 50.000
• SUM	kr. 3.485.000

Finansiering

• Partnarskapsavtale Regionrådet - fylkeskommune	kr. 365.000
• HallingExpo	kr. 70.000
• Eigeninnsatsbedrifter	kr. 3.000.000
• Eigeninnsats Regionrådet	kr. 50.000
SUM	kr. 3.485.000

Det som m.a. er spesielt for yrkesmesse i Hallingdal er at næringslivet ikkje betalar for standplass, men det er ein stor eigeninnsats. Dersom me går ut frå 40 utstillarar som i snitt brukar 150 timer til førebuing og stand blir det 6000 timer. I tillegg yter Storefjell Høyfjellshotell ein stor innsats med tilrettelegging, og der yrkesmesse disponera heile utstillingshallen. Godgjeringa er i hovudsak betaling av lunsj til ungdommen. I tillegg har no HallingExpo teke på seg prosjektleiaransvaret for yrkesmesse.

Vurdering

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Samstundes blir Hallingdal tappa ikkje berre for akademiske ressursar, men òg for fagutdanna arbeidskraft.

Hallingdal har til dels store utfordingar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane landet som har lågast arbeidsløyse. Det kan vera vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For Hallingdal er eit av måla å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmessa er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om. Felles innsats frå næringslivet, ressurs-/kompetansesenter og det offentlege er avgjerande for å lykkast. Me veit at mange unge ofte har liten kjennskap til dei mogelegheitene dei har for arbeid i lokal arbeidsmarknad. For seint blir ungdommen klar over at dei utdanningsval dei har teke, gjer det vanskeleg å busetja seg i regionen. Paradokset er at det finns bedrifter som ikkje får rekruttert arbeidskraft, samtidig som ungdommen ikkje er klar over kva behov næringslivet har.

Med eit auka samarbeid mellom ungdom, skule og næringsliv vil ungdommen og skula få auka kjennskap til næringslivet og utdanningsmogelegheiter vil kunne bli tydelegare.

Samspelet mellom utdanningssystemet og næringslivet blir stadig viktigare for nyskaping og innovasjon. Det er derfor viktig at det blir utvikla tettare koplinger mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv på alle nivå.

Det er eit mål at skula må bli endå meir fokusert på lokalt næringsliv, slik at rådgjeving og opplæring i sterkare grad kan tilpassast og samarbeidast opp mot det lokale næringsliv.

Med bakgrunn i drøftingar som har vore mellom ungdomsskulane, dei vidaregåande skulane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal, næringslivet og opplæringskontora er det ikkje tvil om at dette er eit prioritert og positivt tiltak. Og det er svært gledeleg at HallingExpo teke på seg prosjektleiaransvaret for yrkesmessa.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 365.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2013, med finansiering frå partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2013.

Ål 26.8.2013

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Sluttrapport for yrkesmessa 2012



Yrkesmesse Hallingdal 2012

Sluttrapport



Bakgrunn.

Utifrå tidlegare vellukka resultat av arrangerte yrkesmesser i Hallingdal, planla vi å arrangere ei ny messe i januar 2012.

Vi valde å nytte same mal som sist med nokre fornyingar. Yrkesmessa 2012 skulle vere eit tilbod til alle 9.klasse elevar, 10.klasse elevar, Vg1-elevar og Vg2 elevar på vidaregåande i Hallingdal, ca 1000 elevar.

Messa skulle bidra til å informere og bevisstgjere ungdommen i forhold til yrkes -og utdanningsmuligheter. Dette som førebuing til elevane sit val av vidaregåande opplæring. Dato for messa vart lagt til 26. og 27.januar med opningstid frå kl. 09.30 til 13.00. I tillegg til ”open kveld” for føresette og andre interesserte med opningstid frå kl. 18.00 til 19.30 den 26.januar.

Mål.

Målet med yrkesmessa var å gje ei samla heilskapleg oversikt over utdanningsvegar og fagopplæringstilbod, samt yrkestilbod vi har i Hallingdal. Informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer.

Det er ynskjeleg at alle elevane i Hallingdal får same mogelegheiter til å orientere seg om dei ulike tilboda innan yrke-og utdanning. Yrkesmessa 2012 er eit av tiltaka som kan vere med på dette.

I tillegg er dette eit arrangement der ulike bedrifter og opplæringskontor møtes, noko bedriftene set pris på.

Målgruppe.

- Elevar og lærarar/rådgjevarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skule.
- Føresette
- Andre interesserte

Organisering.

Det er regionrådet i Hallingdal som er arrangør av yrkesmessa.

Prosjektleiar for messa er Eli Torpe-Rullestad

Ansvarleg for økonomien og repr. frå Regionrådet Knut Arne Gurigard

Planlegging og gjennomføring.

Prosjektleiar starta arbeidet hausten 2011. Leiaren i regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard hadde ansvaret for økonomien.

Info til skulene.

I september 2011 vart det første informasjonsskrivet sendt ut til alle 9.og 10.klasse elevene og elevane i den vidaregåande skule i Hallingdal. Dette vart følgt opp med ein formell invitasjon i januar. Føresette fekk også invitasjon. I denne invitasjonen la vi vekt på arrangeringen av ”open kveld”.

Skulene, ved rådgjevar fekk oppfordring om at alle elevane burde gjennomføre ein del forarbeid til messa. Rådgjevarane på dei ulike skulene hadde på førehand utarbeidd eit pedagogisk opplegg i samband med yrkesmessa. Dette opplegget vart utarbeidd for å inngå som ein del av den allereie eksisterande arbeidslivskunskapen/yrkesorienteringa. Opplegget vart lagt opp med både forarbeid og etterarbeid til sjølv besøket.

Bakrunnen for å lage til eit pedagogisk opplegg var bygd på tidlegare erfaringar frå dei andre yrkesmessene. Tidlegare erfaringar viser at elevar som har førebudd seg på førehand, også



hadde eit større utbyte av besøket på messa. Det pedagogiske opplegget vart nytta av alle elevane i grunnskulen med ulike variantar frå skule til skule.

Utstillerane/aktørane.

Målet var å presentere eit så breitt spekter som mogeleg av yrker og utdanningsvegar. Vi kartla først kva yrkeskategoriar dei ulike opplæringskontora, som ville delta representerte, for så å ta direkte kontakt med bedrifter for å skaffe representantar for dei resterande yrkeskategoriar.

Høgskuler, folkehøgskuler og fagskuler vart og invitert. I tillegg vart organisasjonar og statlege/kommunale instansar, med relevant informasjon til ungdom vedrørande vidaregåande opplæring og yrkesval, inviterte til å ha informsjonsstand.

Invitasjonen til utstillerane/aktørane vart sendt ut i oktober.

Det var ingen kostnader knytt til det å ha stand på yrkesmessa.

Vi fekk og henvendingar frå bedrifter og skuler vi ikkje hadde invitert, som ynskte å delta på messa.

Desse hadde stand på yrkesmessa:

- Helse og sosialfag og Ambulansefag
- Hallingdal brann- og redningsteneste
- "Velg Naturbruk" v/ Gudbrand (Viken skog/Hallingskog), 4H, Saggrenda, Buskerud Landbrukskole, Fjell-landbrukskolen, Anleggsgartner-SOA
- NorMec
- Gol Stål
- Hallingplast
- Protan
- Defa
- Nortura
- K-Teck
- Profitek
- OK! Mat Service Reiseliv
- E-co
- Forsvaret
- Opplæringskontoret for Logestikk og Transport
- Hallingdal Kraftnett
- ELFOB El-fagenes opplæringskontor
- BYGGOPP (tømrerfag mm)
- Bilbransjens opplæringskontor og baua-konsernets opplæringskontor for bilfag
- Politiet
- NITO (Ingeniør)
- Høgskolen i Gjøvik
- Opplæringskontoret for Bygghåndverksfagene i Buskerud
- Regionrådet v/Ulrikke
- Regnskapskontorene i Hallingdal
- SpareBank 1 Hallingdal
- Buskerud Fylkeskommune, fagopplæringsseksjonen
- Hallingdal karrieresenter



- Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene
- Høgskulen i Sogn og fjordane
- Fagskolen i Gjøvik
- Traktorbransjens Opplæringskontor

Transport.

Alle elevane måtte fraktast med buss. Hallingdal Billag tok jobben og organiserte all køyring utifrå tider og antall elevar dei fekk av prosjektleiar. Alt i alt var det ca 25 bussar i aksjon dei to dagane messa vart arrangert .

Messeområdet og praktisk tilrettelegging.

Messelandsskapet vart bygd med skiljeveggar der dei fleste standa hadde vegg bak og på sidene. Storleiken på standa laga vi utifrå ynskjer frå utstillerane. Alle som ville ha fekk tilgang på straum og evt internett. Vi plasserte yrker som var mest beslekta, i nærleiken av kvarandre.

Program:

Tor.26.01

Målgruppe: Elevar frå 9. og 10.trinn ved Hol og Ål ungdomsskule og Ål vidaregåande skule (ca 450stk)

09.30 – Elevane kjem

- Utstillingshallen med opplegg for informasjon/orientering om dei ulike yrkene

Ca 11.30 - Lunsj for elevane. Delt i to grupper (standa er bemanna heile tida.)

- Utstillingshallen for vidare informasjon etter lunsj

13.00 – Elevane reiser

Kveldsøkt tors. 26.01:

Målgruppe: Foreldregruppa, elevane og andre interesserte.

18.00-19.30 - Utstillingshallen er open med opplegg for informasjon/orientering om dei ulike yrkene .

Fre.27.01

Målgruppe: Elevar frå 9. og 10.trinn ved Flå, Nes, Gol og Hemsedal ungdomsskule og Gol vidaregåande skule (ca 450stk)

09.30 – Elevane kjem

- Utstillingshallen med opplegg for informasjon/orientering om dei ulike yrkene

Ca 11.30 - Lunsj for elevane. Delt i to grupper (standa er bemanna heile tida.)

- Utstillingshallen for vidare informasjon etter lunsj

13.00 – Elevane reiser, Yrkesmessa er slutt for i år!

Evaluering og konklusjon



Messa gjekk som planlagt med tanke på organisering. Dei fleste utstillerane kom onsdagskveld og laga i stand standa. Dei fleste fekk den plassen dei ynskte og fekk standa slik dei hadde tenkt.

Kl. 9.30 kom dei fyrste elevane. Nytt av året var å blande elevar frå ungdomsskulene og vidaregåande same dag.

Elevane var veldig ivrige og brukte tida godt. Det var ingen som ”hang rundt”, så og seie alle var i aktivitet heile tida.

I tillegg til dei «vanlege» standa hadde Bilbransjens opplæringskontor og bauda-konsernets opplæringskontor for bilfag med seg ein stor buss som elevane og fekk kikke på.

Om kvelden var det ca 200 stk innom.

Konklusjonen her bør bli å ”blande” elevar frå grunnskulen og vidaregåande skule var bra. Fleire av standa fekk interesserte elevar begge dagane. Dette pga ulik interesser frå elever som ikkje har valt utdanning endå og dei som har starta på eit løp.

Me såg at det ikkje vart så «trangt» rundt dei ”populære” standa. (Populær i dette tilfellet meiner eg dei standa som er mest attraktive for ungdomsskuleelevarne og dei som er mest attraktive for elevane i vidaregåande skule).

Det var mange gode stand i år, men fortsatt ein del stand som er litt ”passive”. Utfordrar dei som blir med neste gong til å tenke litt nytt og ”ungt”. Aktivitetar som høyrer til yrke er nesten ein føresetnad.

Tilbakemeldingane frå utstillerane har så langt vore veldig positive. Ingen negative tilbakemeldingar. Trur me no har funne malen for korleis yrkesmessa i Hallingdal skal vere. Utfordringa etter kvart blir om me blir for stor. Har hatt kontakt med fleire bedrifter etter messa, som ynskjer å vere med neste gong. Men det blir eit luksusproblem.

Alt i alt ei vellukka messe.

*Eli Torpe-Rullestad
-Prosjektleiar-*



REKNESKAP YRKESMESSA 2012

HALLINGDAL

KOSTNADAR, eks mva.

	REKNESKAP
Fast lønn	30 000,00
Prosjektleiing	40 000,00
Transport	50 550,00
Syssgodtgjerdelse	351,00
Informasjon, marknadsføring	5 184,00
Leige av lokaler, inkl. mat	205 887,00
Diverse, inkl. lettvegger	63 324,80
Moms	21 171,20
SUM	416 468,00

FINANSIERING

Buskerud fylkeskommune	210 000,00
Norsk Industri	50 000,00
Regionrådet for Hallingdal	135 296,80
Refusjon moms	21 171,20
SUM	416 468,00

Ål 15.4.2013

Knut Arne Gurigard

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal

1000 ungdommar såg

■ Yrkesmessa 2012 avvikla torsdag

1000 ungdommar frå Hallingdal kan ikkje ta feil. Nokon har funne ut at dei er på rett veg, mens andre har forstått at det er lov å skifte kurs.

BERNT IVAR BERGUM
bib@hallingdolen.no

– Korleis veit ein kva jobb som passar?

Det er Maria Strand Haugen som spør. Ho går i niande klasse på Hol ungdomsskule og er ein av vel tusen unge som denne veka prøver å finne ut kva dei skal bli når dei blir større. – Eg har vurdert barnevernspedagog, men har eigentleg ikkje peiling, seier ho.

– Du skal jobbe til du er 67, så du har god tid. Ikkje treng du vere redd for å velje feil heller, trøystar Stefania Fjeldstad (23). Sjølv starta ho med bilmekanikk, men no er ho læring under utdanning som helsefagarbeidar. Ho er også ein av dei mange som prøver å rekruttere dei unge til sitt fagmiljø.

Det er sjette gongen yrkesmessa blir gjennomført i Hallingdal. Annakvart år blir messehallen på Storefjell Høyfjells-hotell fylt opp av utstillerar og undrande ungdom. I år tel dei unge rundt tusen, og fordelt på 36 stands er om lag hundre ulike yrkesgrupper parate til å gjere seg lekre.

– Me må jo teste ut kva det går i, seier Tonje Persmoen. Både ho og venninna Mawata Dukuly har alt gjort eit val. Dei går helse- og sosial på Ål vidaregåande skole, men dei har likevel late seg lokke av ein vasspumpe-modell på E-CO sin stand.

– Det er jo litt moro å sjå korleis ulike yrke er, seier Dukuly.

Vil nå dei tidleg

Rundt dei svirrar Torill Berdal, kommunikasjonsdirektør i E-CO. Ho har hovudkontor i Oslo, men prioriterer likevel messa i Hallingdal høgt. Ho forklarar at dei ved å gjere slik og slik nettopp har laga straum, nok til å få ei lyspære til å gløde.

– Me er opptekne av å treffen ungdommen tidleg. Mange har jo bestemt seg alt i ungdomsskulealder, seier Berdal. I eit tiårsperspektiv går mange av med pensjon hjå kraftprodusenten. Snittalderen er knappe 50.

– Me er ein stor arbeidsgjevar i Hallingdal, og vil trenge mange av dei som er 17-18 år no, seier ho.

Må yte meir

Yrkesmessa er ei av dei største regionale messene. Det er Regionrådet i Hallingdal som står bak gildet. Gjennom partnarskapet med fylkeskommun-

■ Næringslivet synte seg frå si beste side



PÅ YRKESMESSE: Tusen håpfulle ungdomar var innom yrkesmessa på Storefjell denne veka. Ingrid Braaten, Loretta Kens, Emma Øen Li og Vilde Hvitsand var berre

Me er ein stor arbeidsgjevar i Hallingdal, og vil trenge mange av dei som er 17-18 år no.

KOMMUNIKASJONS-DIREKTØR TORILL BERDAL, E-CO

nen, støtte frå Norsk industri og eigne ressursar skrapar dei saman dei vel 400.000 kronene som må til. Alle utstillerar får vise seg fram gratis. Storefjell høgfjellshotell stiller heile huset til disposisjon. Eli Torpe

har stått i bresjen for arrangementet sidan den første gjennomføringa i 2000.

– Forma har vore mykje den same alle åra, men me har langt igjen. Vårt mål er at endå fleire utstillerar vil gjere endå meir ut av seg, seier ho. Sjølv om messa si framtid blir avgjort frå gong til gong, reknar ho med å vere tilbake om to nye år.

«Heim» igjen etterpå

Midt i hallen har Buskerud fylkeskommune stilt seg opp med eit lykkehjul for å vise alle utdanningsmogelegheitene dei unge har. Snurrar ein på hjulet vil ein hamne på eitt av 184 ulike yrke. Vilde Hvitsand trudde ho ville bli designar, men fekk «banemontør» i lotte-

riet. Ingrid Braaten har vurdert nokon innan media, men lykkehjulet vil det annleis.

Mens mange av utstillerane lokkar dei unge til utdanning ut av dalen, har regionrådet også ordna med ein returbillett. Frå ein stand ved utgangen står representantar frå ungdomsrådet med informasjon om mogelegheitene ein har når ein er klar for å flytte heim att.

– Me har to mål. Å vise yrkesval og mogelegheitene lokalt. Om så berre 1 prosent kjem tilbake, meiner me dette likevel er godt brukte kroner, seier Knut Arne Gurigard, dagleg leiar i regionrådet.



SPØRSMÅL OG SVAR: Maria Strand Haugen (lilla luar) intervjuet ved yrkesmessa 2012.

VIDEO PÅ *Hallingdølen.no*

på 100 yrke

Mange bedrifter i generasjonsskifte



nokre av dei mange som sette pris på å få innblikk i jobbar dei vurderer å sikte seg inn mot i framtida.



PRØVER NYE TANKAR: Tonje Persmoen (f.v.) og Mawata Dukuly går helse og sosial på Ål vgs., men vil likevel finne ut kva E-CO driv med og prøver ut vasskraftmodellen Torill Berdal har med.

(jakke) og Thomas Hagen (med lue) prøver Stefania Fjeldstad å illustrere svare på spørsmål frå ein rullestol.



NYTT «KORT»: Mobiltelefonen vil snart kunne brukast som betalingskort.

Kundane ventar på å kunne betale med mobilen

Bankkundar i Hol vil snart kunne legge att kortet og heller betale med mobiltelefonen.

KJELL SLÄTTEN
ks@hallingdolen.no

Som omtalt i Hallingdølen i midten av november, var Hol sparebank først ute i heile Norden med å ta i bruk Visa payWave, som er neste generasjons betalingsløysing for kort og mobil. Dette er betaling via NFC (Near Field Communication) og er kort fortalt ein betalingsteknologi som fungerer på same måte som med heiskort i skibakken. Betalinga blir utført ved å halde kortet opp mot betalingsterminalen, utan at ein treng å taste inn kode.

700 brukarar

Den nye betalingsforma vart teken i bruk på Geilo frå tidleg i desember. Rundt 30 næringsverksemder, frå butikkar til hotell og serveringsstader, har fått installert dei nye terminalane. Hol sparebank hadde på føre-

hand kontakta Visakort-kundane sine, rundt 700 i talet, og avtalt å forsyne dei med nye kort.

Geilo er enn så lenge i eit svært eksklusivt selskap ved å kunne tilby NFC-betaling, saman med storbyar som New York, London og Milano. Det er venta at OL i London til sommaren vil bli eit utstillingsvindauge for det nye konseptet.

Mobilen kjem

Førerebels er kortkundane i Hol sparebank avhengige av å ha med seg kortet når dei skal betale. Men det er berre eit spørsmål om tid før dei kan legge det att heime. For NFC-betaling skal også kunne skje med mobiltelefonen. Då oppnår ein det same med berre å sveipe mobilen over ein betalingsterminal. Slik mobiltelefonbasert NFC vil snart vere på veg til bankkundane i Hol.

Per i dag er denne betalingsløysinga reservert for småbeløp, med ei øvre grense på 175 kroner. Men nye versjonar er under testing, der beløpsgrensa er høgare.

Gjer nytt forsøk på å få valfritt sidemål

Skulepolitikarane i Buskerud vil ha valfritt sidemål i skulen.

KJELL SLÄTTEN
ks@hallingdolen.no

Politikarane i Hovudutval for utdanningssektoren vedtok torsdag å gjere som i fjar, og søkje Utdanningsdirektoratet om ei prøveordning for valfritt sidemål. I fjar kom avslaget kort tid etter at søknaden var sendt.

Denne gongen var det Christopher Wand (H) som tok opp sak i hovudutvalet, på vegner av fleirtalspartia Høgre, Fremskrittspartiet og Kristeleg Folkeparti.

Tre alternativ

– I over 20 år har me snakk om behovet for å gjere sidemålet valfritt. Me har sett at

lese- og skrivedugleiken er for dårleg. På eit tidspunkt var det så mange som éin av fire som gjekk ut av grunnskulen utan å kunne lese og skrive skikkeleg, seier Wand.

Primært søker Buskerud fylkeskommune om ei prøveordning for valfritt sidemål. Sekundært søker ein om ei ordning der ein frå hausten 2012 går frå to til ein karakter i norsk skriftleg. Tertiært i søknaden søker ein om at elevar med lese- og skrivevanskår slepp vurdering i nynorsk.

Eitt steg

– Det er ikkje slik at det å gjere sidemålet valfritt vil revolusjonere norskfaget. Men det vil faktisk vere eit godt steg på vegen fordi me no prioritær eitt norsk skriftspråk i staden for to, seier Christopher Wand.